



Arkivnr: 2018/16480-66
Saksbehandlar: Marielle Solheim

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland	30/19	14.03.2019

Høyring - NOU 2018:16 - det viktigaste først (prioriteringar i tannhelse-, helse-, og omsorgstenestane)

Samandrag

I april 2017 oppnemnde regjeringa eit offentleg utval som skulle sjå på prioriteringar i den kommunale helse- og omsorgstenesta og for offentleg finansierte tannhelsetenestar. Utvalet leverte NOU 2018: 16 - det viktigaste først, 13.12.18.

Helse- og omsorgsdepartementet inviterer no høyringsinstansane til å gje sine vurderingar av forslaga i NOU 2018:16. Særskild ber dei om ei vurdering av følgjande punkt:

- Om prioriteringskriteria i helse- og omsorgssektoren slik utvalet legg det fram, er eit eigna verkemiddel for å sikre likeverdige kommunale helse- og omsorgstenestar.
- Om dei føreslåtte kriteria og prinsippa for prioritering er eigna for den kommunale helse- og omsorgstenesta og for offentleg finansierte tannhelsetenestar på høvesvis fagleg, administrativt og politisk nivå.
- Om verkemidla som vert føreslått i innstillinga er eigna til å støtte opp om prioriteringar i dei kommunale helse- og omsorgstenestane.

Høyringsbrev og -notat er tilgjengeleg på [regjeringa sine nettsider](#). Høyringsfristen er 22.05.2019.

Forslag til innstilling/vedtak

Fylkeseldrerådet skriv eit forslag til høyringssvar som vert handsama i rådsmøtet 11.04.19.

Bertil Søfteland
leiar fylkessekretariatet

Marielle Solheim
administrativ sekretær

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.